



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets Presidentskap
Karl Johansgt 22
0159 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

20/3164-

26. oktober 2020

Feil i Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon (Prop. 1 S (2020-2021)) - rettebrev

Kapittel 7, side 64: Feil tal og utelatte postar i omtale på kap. 1400 post 21 av flytting av midlar til kap. 1420:

På side 64, 1. spalte, 6. avsnitt skriv KLD om flytting av midlar frå kap. 1400 post 21 til andre kapittel og postar som sikrar vidareføring av dei same langsiktige oppgåvene og tiltaka. I postomtalen er det skrevet: "*Innanfor vassforvaltning, naturmangfaldområde og klima blir det føreslått å flytte til saman 16,9 mill. kroner til kap. 1420 post 21*". Dette skal rettast til: "*Innanfor vassforvaltning, naturmangfaldområde og klima blir det føreslått å flytte til saman 15,38 mill. kroner til kap. 1420, og desse midlane er fordelt på postane 21, 22 og 77.*"

Kapittel 7, side 147: Rad merket med gult var falt ut under tabell 7.5:

Tabell 7.5 Budsjettet for 2021 fordeler seg slik på dei ulike gebyrordningane:

Gebyrordning	Budsjett inntekt 2020 (tal i tusen kroner)
Sertifisering for fluorerte klimagassar	7 000
Konsesjonsbehandling etter forureiningsforskrifta	8 225
Tilsyn etter forureiningslova	9 325
Kvotetilsyn	345
Tilsyn med kjemikaliar	5 525

Deklarasjon av farleg avfall	3 400
Drift av Produsentansvar	1 000
Eksport og import av avfall	6 900
Godkjenning av biocid og biocidprodukt	3 625
Totalt kap. 4420 post 04	45 345

For øvrig er kap. 4420 post 04 ved en inkurie prisjustert med 1,657 mill. kroner for mykje slik at det er foreslått ei løyving på 47,002 mill. kroner. Løyvinga på posten vil bli foreslått nedjustert i RNB 2021.

Kapittel 13.2, side 284-285

I tabell 13.1 i Klima- og miljødepartementet sin budsjettproposisjon (Prop. 1 S (2020-2021)) er det oppgitt feil tal i kolonna for utsleppa i 2025. Feilen gjorde at dei fleste tala for 2025 var for høge. Ein ventar at både dei kvotepliktige og dei ikkje-kvotepliktige utsleppa vil gå ned frå 2020 til 2025, og vidare ned til 2030. Samla utslepp er venta å gå ned frå 49,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020 til 46,7 mill. tonn i 2025 og vidare til 40,8 mill. tonn i 2030. Same feilen ligg i tabell 3.13 i Nasjonalbudsjettet (Meld. St. 1 (2020-2021)). Nedanfor er ein korrigert tabell der tala er retta, og der dei justerte tala står med utheva skrift.

Korrigert tabell 13.1. Utslepp og opptak av klimagassar i Noreg etter sektor. Mill. tonn CO₂-ekvivalentar.

	1990	2005	2018	2019 ²	2020	2025	2030
Utslepp av klimagassar	51,5	55,4	52,0	50,3	49,4	46,7	40,8
Kvotepliktige utslepp	23,2	27,7	26,3	25,6	25,5	24,5	21,3
- Olje- og gassproduksjon	7,2	12,9	13,4	13,2	13,4	12,1	9,7
- Industri og bergverk	15,2	13,7	11,0	10,7	10,4	11,1	10,3
- Andre kjelder ³	0,7	1,1	1,9	1,7	1,7	1,3	1,3
Ikkje-kvotepliktige utslepp	28,3	27,7 ¹	25,7	24,7	23,9	22,2	19,4
- Transport	12,3	15,5	15,3	14,3	13,7	12,7	10,4
- Under det: Vegtrafikk	7,2	9,3	9,1	8,4	8,0	7,0	5,3
- Jordbruk	4,7	4,5	4,5	4,4	4,5	4,4	4,5
- Andre kjelder ⁴	11,3	7,7	5,9	5,9	5,7	5,1	4,5
Netto opptak i skog og andre landareal	-10,1	-25,3	-23,7	-23,7	-21,7	-20,8	-20,3
Utslepp av klimagassar medrekna netto opptak i skog	41,4	30,1	28,4	26,6	27,7	25,9	20,5
<i>Memo:</i>							
Fastlands-Noreg	43,3	41,3	37,9	36,4	35,1	33,8	30,3

¹ Utgangspunktet for det norske utsleppsbudsjettet under innsatsfordelingsforordninga er førebels vurdert til 28,5 mill. tonn i CO₂-ekvivalentar.

² Førebelse utsleppstal for 2019. For opptak av skog og andre landareal er det brukt 2018-tal.

³ Inkluderer kvotepliktig energiforsyning og luftfart

⁴ Inkluderer ikkje-kvotepliktige utslepp frå industri, petroleumsverksemd og energiforsyning i tillegg til oppvarming og andre kjelder.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi og Finansdepartementet.

Feilen inneber at òg ein setning med omtale av desse tala er feil og må rettast.

I kapittel 13.2, side 284, høgre spalte, fjerde avsnitt, står det:

"Dei samla utsleppa er likevel vurdert å minke noko mot 2025, sjølv om utsleppa frå transport er venta å vere litt høgare i 2025 enn 2020."

Det skal stå:

"Dei samla utsleppa er likevel vurdert å minke noko mot 2025."

Med helsing


Sveinung Rotevatn

Kopi

IFA Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Energi og miljøkomiteen Stortinget